



Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: BJDTAK

Registrert dato: 28.08.2017 21:40:29

Vedlegg:

Rekneskap 2016.pdf

Årsmelding for Songlaget Alvidt 2016 (1).docx

Innleiing	
Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.	
Søkjaren er	
<input type="radio"/> Enkeltperson	<input checked="" type="radio"/> Gruppe/lag/organisasjon
Vel kategori for prosjektet	
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar driftstilskott	<input type="checkbox"/> Kulturmidlar investeringar
<input checked="" type="checkbox"/> Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott	<input type="checkbox"/> Ungdomsmidlar
Namn/arbeidstitel på prosjektet	
Me syng oss ilag	

Om søkjaren	
Organisasjonen	
Organisasjonsnummer	
979566697	
Namn	Adresse
Songlaget Alvidt/Manger	Postboks 129
Postnummer	Poststad
5903	ISDALSTØ
Telefonnummer	E-postadresse
	maritgroberge@hotmail.com
Bankkontonummer	
36325036707	
Namnet på leiaren	
Marit Gro Berge	
Kasserar	
Førenamn	Etternamn
Rigmor	Korneliussen
Telefonnummer	E-postadresse

Omtale av søkjaren/prosjektet
Omtale av søkjaren/organisasjonen
Songlaget Alvidt/Manger er eit blanda kor med medlemmer frå kommunane Radøy og Lindås. Koret har 30-års jubileum i år.

Omtale av prosjektet/aktiviteten

Songlaget Alvidt/Manger, med medlemmer frå to av dei tre kommunane som skal slå seg i hop til Alver kommune i januar 2020, vil invitere til eit stort prosjektkor for alle som skal bu i den nye kommunen. I dette prosjektet vil me vise kva som bind oss saman på tvers av dei gamle kommunegrensene. Som del av prosjektet vil me få arrangert ny kormusikk med røter frå distriktet. Med oss på laget har me fått den nye gruppa «Himmel og Hav» med medlemmer frå det tidlegare «Heimalanne» som dei fleste i Nordhordland har «eit eigarskap» til.

Kommunesamanslåinga er ei storhending og me ønskjer å nytte dette høvet til å få til eit spanande samarbeid mellom amatørar og erfarne musikarar som hentar stoffet sitt frå regionen. Som ein del av prosjektet vil den nyskrivne musikken bli arrangert for kor og dette vil gje overføringsverdi til andre kor. Blandakor er alltid på jakt etter gode tekstar og melodiar og det er spesielt verdfullt å få songar som er laga av musikarar frå Vestlandet.

(Tiltenkt arrangør er Tove Kragseth.)

Songlaget Alvidt/Manger feirer 30års jubileum i år. Koret med sine 20 medlemmar er ikkje av dei største, og økonomien er beskjeden, men koret har gode erfaringar med prosjekt der me inviterer breitt. Gjennom dette prosjektet vil me utvide nettverket vårt og skape samhandling over gamle kommunegrenser som kan gje deltakarane eit musikalsk løft. Her viser me spesielt til den regionale kulturplanen i Hordaland som peiker på at fylkeskommunen vil «oppmuntre og kan støtte prosjekt der utøvarar og organisatorar av amatørkultur frå ulike kommunar og/eller felt går saman om erfaringsutveksling, kompetansebygging og andre fellestiltak». (Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, s.88).

Me vil gå aktivt ut og invitere folk inn som til vanleg ikkje syng i kor. Mange kor har vanskar med rekrutteringa, men me håpar at eit prosjekt som er avgrensa i tid kan få fleire til å delta, særleg fordi me vil gje tilbod om opplæring som er tilpassa nybegynnarar. Me trur òg at Arne Bøe, kjend frå det gamle «Heimalanne» og no frontfigur i «Himmel og hav», vil vere ein stor ressurs for prosjektet og ha appell i rekrutteringsarbeidet. Arne Bøe vart tildelt Medaas-prisen i 2006 og har gitt ut mange CD-ar med eigne melodiar og tekstar på dialekt/nynorsk. Songane har vore mykje spelte på NRK, og han er ein artist som har appell til strilar i alle aldersgrupper.

Prosjektet byggjer på det som bind oss saman på tvers av gamle kommunegrenser, nemleg strilakulturen og songgleda. Me meiner at det å styrkje identiteten i regionen og byggja nettverk også er viktig for å få ein aktiv kulturpolitikk i den nye kommunen, og såleis ein måte å byggje demokrati på.

Sjølve konserten som prosjektet skal ende opp i vil ha tre delar, der koret og Himmel og hav kvar for seg presenterer nokre songar og vidare ein hovudbolc der me i lag med bandet syng nyarrangerte songar frå Himmel og hav sitt repertoar.

Himmel og hav er sett saman av dyktige, kreative og rutinerte musikarar. Forutan Arne Bøe(vokal/gitar) er desse med i bandet :

Ander Vengen Jensen (trommer), Halstein Gåsemyr (fele/vokal), Dag Atle Håland (gitarar/mandolin/ymse strengeinstrument/munnspel/vokal), Kristian Nordeide (multiinstrumentalist/strengeinstrument/fløyter/ymse instrument), Aksel Fjæra (bass/piano/vokal).

Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten	Staden for prosjektet/aktiviteten
1.jan 2018-21.oktober 2018	øving på Knarvik ungdomsskule, konsertstad ikkje endeleg bestemt
Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?	
<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	

Budsjett
Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.
UTGIFTER
Sum utgifter
104000

Spesifikasjon	Beløp
Honorar Himmel og hav	20000
Husleige	5000
Lys og lyd	10000
Noter (arrangement for kor)	20000
Annonser	20000
Plakatar	8000
Ekstra honorar, dirigent	16000
Begynneropplæring	5000
	Sum: 104 000,00
FINANSIERING	
Søknadsbeløp for denne søknaden	
10000	
Blir det søkt tilskott hos andre instansar?	Søknadsbeløp hos andre instansar
<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	54000
Spesifikasjon - andre instansar	Beløp
Hordaland korforbund	15000
Radøy kommune	5000
Meland kommune	5000
Hordaland fylkeskommune	29000
	Sum: 54 000,00
Andre inntekter utanom tilskott	
40000	
Spesifikasjon andre inntekter	Beløp
Billettar	25000
Sponsorinntekter	15000
	Sum: 40 000,00
Sum finansiering	
104000	

Medlemsmasse	
Før opp antall medlemmer i organisasjonen	
Mellom 0 og 5 år	0
Mellom 6 og 12 år	0
Mellom 13 og 19 år	0
Over 20 år	20
Har organisasjonen medlemskontingent?	
<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	
Born/unge til og med 19 år	0
Vaksne frå 20 år	20